



Hjørdis og Willy Holgersen kosar seg på den store terrassen sin.

**Hjørdis Nilsen Holgersen og mannen Willy Holgersen storkosar seg på den nye hytta si på Skorpo, på norde Skorpevågen. Der er dei så ofte dei kan, mest om sommaren, men også til andre tider på året. På Skorpo er det ekstra velvære for dei begge to, fortel dei til uskedalen.no.**



Willy og Hjørdis Holgersen er glad i den fine, nye hytta si.

Det var for tre år sidan at Hjørdis Nilsen og Willy Holgersen gifte seg. Ektemakane hadde døydd frå dei. Harald Nilsen døydde i 1997, og Holgersen hadde også vore enkjemann i ein del år då han fann kjærleiken på ny i Sandakvinna. Dei treftest på fleire møte i Jehovas Vitner, og eit anna ektepar ordna sambandet. Willy vedgår at det var han som var ivrigaste. Men Hjørdis seier at ho sjølv synest det har vore eit godt val og gått vel for dei.

### Bil, båt og hytte

No er Hjørdis 78 år, medan mannen er 79 år. Willy seier på spøk at folk har sagt til han at han har funne seg ei god, frisk, ungdommeleg kone...

Hjørdis har tre gitar og to jenter saman med Harald Nilsen, men bergensaren Willy var barnlaus. Ho har også 16 barnebarn, og også eitt oldebarn.

Dei nærmar seg 80 år, men hytte ønskte dei seg. Willy foreslo kjapt at dei måtte byggja seg hytte då han forstod at Hjørdis hadde hyttetomt på Skorpo. Han hadde ein del pengar etter å ha selt ei leilighet i Bergen då dei gifte seg. Ny bil og båt har dei også kjøpt seg.

Båten, ein Bella 572, måtte dei ha for å koma seg snøgt fram og tilbake til Skorpo, og til å fiska frå, som båten høver godt til. Og fiska gjer dei både med garn og snøre. Dei held seg med fisk sjølv. Rekorden er kring hundre kilogram sei ei natt. Og når dei skal ha fisk til middag, overlet Hjørdis, som likar sjølv å laga mat, grytene til Willy. Bilen treng dei for å koma seg til møta, og til anna småkjøring. Dei likar også å kjøra turar rundt om i Sør-Norge. No har dei kjøpt seg ein ny hybrid bil. Det er ein Toyota Prius - ein svært god bil, seier Holgersen.

Harald og Hjørdis Nilsen kjøpte hyttetomten på Skorpo for kring 40 år sidan, men det har aldri vorte noko av bygging før no Willy vart uskedeling.

No har det gått fort. Willy teikna hytta, og han har gjort ein heil del av grunnarbeidet. Han har også stått for paneling og måling sjølv. Og sidan forretningen har overteke huset til Hjørdis, seier den nesten åttiårige Willy at no har dei igjen noko dei kan kalla "vårt".

Det er eitt år sidan hytta var ferdig, og ho har dette året vore mykje i bruk. Ho er på 56 kvadratmeter med hems. Det er stove med kjøkenkrok, to soverom og toalett med dusjkabinett. Det er innlagt straum. Oppvarminga er med ved som dei har hogge på eigen grunn. Og Hjørdis har stått for mykje av vedkløyvinga, men elles vore med å gjort sitt under bygginga.

Willy ville ha bygt lenger utpå kanten mot sjøen, men det sa kommunen "nei" til. I dag er dei glad for at hytta er "dregen" litt lenger innpå. -No kan vi gå rundt hytta.

### Framleis i butikken

Hjørdis er fødd og har vakse opp nesten i fjæresteinane. Ho har drive med butikk saman med mora, Martha, seinare med mannen, Harald, før dei gav forretningen over til dei to døtrene og ei svigerdotter. Hjørdis har alltid likt butikkarbeid, og framleis er ho å sjå i butikken. Måndag, når det kjem nye varer, er ho med å plassera dei i hyller. Fredag kjører ho varer til kundar. Den svært sosiale Hjørdis synst dette er kjekt. Ho likar å snakka med folk... Og når du spør om hobby og interesse, seier Willy at det er butikken, forkynninga og han.

Willy på side er fiks med hendene. Han driv også med måling. Fleire av måleria hans er å finna på hytta. Då uskedalen.no snakka med ekteparet, kom han fram med eit måleri frå Stølavikjo. Han har dessutan fleire måleri med motiv frå Bergen.

Men noko opplæring i måling har ikkje Willy hatt. Han kallar seg autodidakt, sjølvlært. Men då han hadde bibelstudie med ein kunstnar, fekk han nokre gode råd. Eit av råda var i alle fall at han ikkje måtte ta noko måleriutdanning. Då kunne ein verta for einspora, vart det hevda. Men noko moderne måling synst ikkje Willy om. -Det er forferdeleg og for ungar, seier han med eit smil.

Ekteparet reiser ein del rundt om i Sør-Norge med bil. Men dei tar seg også fleire turar til utlandet. To gonger har dei vore på crusie i Karibien. Eine gongen gjekk dei om bord i Barcelona og var med over Atlanterhavet til Karibien. Kring juletider var dei i Thailand. Kanskje vil dei igjen ta seg ein ny tur dit. Der likte dei seg.

### Fint i Uskedalen

Willy synst det var ei forandring å koma frå Bergen til Uskedalen. I Bergen kjende han nesten ikkje naboane, og ein var derfor ikkje så sosial, som mange er i Uskedalen.

Han synst det er fint i Uskedalen. Han ville gjerne ha vore både på Ulvanoso og Englafjell, men innser at det er han for gammal til og for lite sprek sjølv om helsa er bra. Til Mannsvatnet har han derimot vore. Han og Hjørdis overnatta i Ungdomslagshytta. Elles tar Willy og Hjørdis nokre gåturar.

Det er aktiviteten i Jehovas Vitner som førde dei to saman. Og ekteparet, som andre i Jehovas Vitner, startar dagen med frukosten og lesing frå "Gransk skriftene daglig". Dessutan les dei eit kapittel frå Bibelen. Søndag var det frå Apostelgjerningane dei las. Det var om den "nye" tid som skal koma. Då les ein av dei, og den andre følgjer med i sine skrifter.

Hjørdis og Willy Holgersen møter dei andre i Jehovas Vitner på møte kvar tysdag og søndag. Der er Willy ein av dei fem leiarane, dei "eldste". Utanom går dei sine besøksrundar i ulike bygder for å forkynna om Guds ord. Då er dei Jesus sine apostlar. Dei set pris på å få snakka og fortelja om ting frå Bibelen. Men vert korkje sure eller skuffa om enkelte ikkje vil snakka med dei. -Det respekterer vi.

### Han som kjem

Dei synst det er fint å få lov å fortelja om han som skal frelsa verda, men det er mange som ikkje vil "finna" Kristus. Skal det skje, må ein aktivisera seg; ein får det ikkje i fødselen. Når Jesu komme skjer, har ein i alle fall ikkje noko orsaking. Alle har fått si påminning.

-Dag eller time kjenner ingen, sjølv om det er visse teikn Gud har gjeve oss. Men "han" kjem. Det er sikkert!! Teikna er forfall av moralen i verda. Og det aukar på med naturøydeleggjingar som jordskjelv, og det vert meir svolt og krig. Vi lever i overflod, medan andre har ingen ting. Her sviktar mange regjeringar og styrande.

Det vert betre når Guds rike overtar. Då vert det berre ei Guds "regjering" styrt av 144.000, og det vert berre lukkelege folk, seier Willy og Hjørdis før dei skal på møte i Rikets sal i Herøysundet. Den no handikappa Holgersen skal leia Bibellesinga. Han vart torsdag operert på Haukeland universitetssykehus i høgre handa etter eit fall på Sandakaien.

Tekst og foto: Torfinn Myklebust





Hytta vart bygt i fjor etter at tomta hadde vore sikra i 40 år.